



*Ulla Skulehus Haramsøy*  
*Skjipa 11. april 2009 Bygd i 1886*

---

## **Styremøte Ulla Skulehus 11. juni 2016**

Møte på Ulla Skulehus

Til stades: Knut Hallvard Ulla, Randi Ulla Nogva og Peder Ulla

### **Sak 1 2016/2017**

#### **Manglande innbetaling av medlemskontingent**

Av 73 medlemmer er det 6 som ikkje har betalt kontingenten. Vi vart enige om at Knut sender ut purring og så får vi sjå om det fører til fleire innbetalingar.

### **Sak 2 2016/2017**

#### **Status kronerulling**

Det er kome inn om lag kr 8000. Det er litt skuffande etter tre innlegg på facebook og utdeling av brev på årsmøtet. Vi vart enige om å lage ein aksjon på Ullafesten og oppfordre folk til å støtte skulehuset. Vi kan bruke same brevet.

### **Sak 3 2016/2017**

#### **Tilskot frå Sparebanken Møre**

Etter søknad har vi fått melding om tilskot på kr 5000 frå banken. Takkebrev er sendt.

### **Sak 4 2016/2017**

#### **Status wc**

Rørleggerarbeidet er ferdig. Det står att litt listing rundt døra og golvet. Toalettet er i orden, vatn er tilkobla og tilknytingsavgift til Haram kommune er betalt.

### **Sak 5 2016/2017**

#### **Status kjøken**

Pussing av vegger og vindu er ferdig. Vassledning og avløp er klargjort. Måling blir utført neste helg. Vi tek sikte på at kjøkenet skal vere ferdig til Ullafesten.

Knut Hallvard Ulla  
Skrivar